



Stine i førjulsstemning

Stine Hole Ulla gler seg til å få vere ein del av den tradisjonelle førjulsturneen til trumpetisten Ole Edvard Antonsen, i lag med Didrik Solli-Tangen. Sykkylven kyrkje er ein av stadene som får besøk av den tonepolerte trioen.

Det er takka vere Stine at juleturneen til Ole Edvard Antonsen tek ein kjapp flyomveg innom heimbygda hennar:

– Eg håper verkeleg at folk kjem ... Vi hadde eigentleg

éin einaste fridag på 35 dagar, men så spurte eg om vi ikkje kunne halde ein konsert i Sykkylven den dagen, fortel den heimekjære artisten.

Det er åttaande året på rad at Ole Edvard Antonsen dreg landet rundt på førjulsturné med eit par gjesteartistar. Didrik Solli-Tangen har blitt omtrent like fast del av turnébagasjen hans som trumpeten, men den andre gjesteartisten har

veksla litt. I fjor var det Elisabeth Andreasson som fekk bli med, og i år har han altså vald seg ut ei anna sykkylvstaus:

Ikkje så kjend ...

– Det er helt fantastisk å få samarbeide med Ole Edvard og Didrik! Eg hadde ikkje ein gong turt å håpe på at eg skulle få vere med; namnet mitt er jo ikkje så kjend rundtom i landet ... Å få vise meg fram på konsert kvar einaste dag i 35 dagar, i lag med desse to dyktige, snille og kjekke artistane, betyr veldig mykje for meg!

Det er vel ei lita underdriving å seie at det ikkje er så mange som kjenner til Stine, sjølv om det ikkje like mykje merksemdu kring ho som det var då ho med sin klokkeklaresopran song seg inn i norske TV-hjarte og vann Norske Talenter i 2012, berre 17 år gammal.

Lokalt hadde Stine allereie lenge vore ein høgt skatta songar, ikkje berre heime i Sykkylven, men utover store deler av Sunnmøre. Allereie i 2010 var ho solist for Ålesund symfoniorkester og Ålesund kammerkor, og året etter fekk ho både Gnist-stipendet frå Sparebanken Møre og Drømmestipendet frå Norsk Tipping og Norsk kulturskolarerd.

Juleplate

Som følgje av sigeren i Norske Talenter fekk Stine platekontrakt med Daworks records, og året etter kom debutplata hennar, «Verden blir hvit». Det er ei juleplate med klassisk julesongrepertoar, pluss to nye, sjølvskrivne songar.

Vidare har det blitt mange ulike oppdrag for sykkylvsjenta – ja, ikkje berre som songar, men også som modell. Mellom høgdepunkta kan nemnast fleire konserter i lag med Rein Alexander i 2013 og juleturné med Erlend Bratland i 2014. I fjor kunne ho loggføre ei heil rekke med storhendingar, som hovudrolle i Sunniva-spelet, framføring av «Ja, vi elsker» på opninga av Bislett Games (i samband med 50-årsjubileet til leikane), og at ho vart den første norske artisten som fekk syngje i lag med Kygo.

I vår var Stine for første gong med i Den norske melodifestivalen (Melodi Grand Prix), og sjølv om låten ikkje kom vidare til gullfinalen, var det nok mange som lért seg forføre av den Disney-prinsesse-aktige balladen «Traces», som ho



Vi har tenkt på alt. Også hvis det skulle smelle.

I nye E-Klasse stasjonvogn finner du teknologi og innovasjoner du aldri har sett maken til. Slik som for eksempel PRE-SAFE® Impulse Side*. I øyeblikket før en sidekollisjon vil det intelligente setet dytte fører eller frontpassasjer vekk fra kollisjonspunktet slik at risikoen for alvorlige skader reduseres. Pris fra kr 594.900,-

Nye E-Klasse stasjonvogn.
Kanskje den mest avanserte bilen noensinne.

Mercedes-Benz
Das Beste oder nichts.



*Tilleggsutstyr. Pris er inkl. mva. og levering Oslo. Drivstofforbruk blandet kjøring 0,42-0,66 liter pr. mil. CO2-utslip: 109-149 g/km. Importør: Bertel O. Steen AS. Bildet kan avvike fra tilbudte modeller. Importør: Bertel O. Steen AS. www.mercedes-benz.no

Bertel O. Steen

Bertel O. Steen Møre og Romsdal AS, Lerstadveien 525, 6018 Ålesund,
70 17 64 00, www.bosalesund.no



«Desemberstemninger»-turnéen kommer til Sykkylven kyrkje 10. desember. (Pressefoto)

sjølv hadde vore med å skrive. Før finalen fortalte Stine til Nytt i Uka at det å stå på scenen på Melodi Grand Prix var den store barndomsdrømmen for ho – berre at draumen eigenleg hadde vore å vere med som kordame ...

Kjekke, men travle veker

No er altså Stine klar for ny juleturné, denne gongen på laget til Ole Edvard Antonsen. Det blir frem kjekke og spennande, men intense veker fram mot jul. Dagen før konserten i Sykkylven kyrkje 10. desember er trioen i Larvik, og dagen etter er dei på Hamar. Det var altså her den eine fridagen var lagt inn ...

– Eg er spent på korleis kroppen taklar så mange dagar med konsert utan pause, men eg trur det skal gå bra, seier Stine – optimistisk som alltid.

Mykle køyring

Ikkje berre stemmebanda skal få koyrt seg på juleturnéen, om ein kan seie det slik: Sett bort ifrå konserten i Sykkylven og ein konsert til, er det med bil trioen skal komme seg rundt – og dei skal innom små og store stader fra Alta i nord til Larvik og Stavanger i sør.

– Ole Edvard seier vi skal koyre 40 mil i snitt kvar dag. Eg veit eigentleg ikkje kva det inneber, men han har heldigvis gjort det mange gonger før ...

Første konsert blir i Bø i Vesterålen 19. november, og fire dagar tidlegare set dei seg i bilen for å koyre nordover. Fram til turnéstart blir det då nokre dagar med intens produksjon med full lys- og lydsett. Då skal heile den til timer lange konserten dei har øvd inn, barberast til ein normal konsertlengde.

– Det er då vi skal «kill our darlings», som det heiter: Vi skal kutte bort songar som vi kanskje er personleg veldig glade i, men som viser seg ikkje å passe like godt inn i heilskapen, forklarer Stine.

Tradisjon og overraskingar

På den musikalske menyen vil det sjølv sagt stå ein del klassiske julesongar av det slaget folk flest ventar seg på ein slik konsert, men det vert også nokre overrassingar, både av

gammalt og nytt. Det inkluderer nok òg ein song eller to fra julealbumet til Stine:

– Vi kjem òg å ha med nokre låtar som folk kanskje ikkje ventar seg, men som vi synest passar inn i vinter- og julestemminga, seier ho.

Ein song som Stine garanterer kjem til å overleve produksjonen, er Didrik Solli-Tangens versjon av «O' Hellig Natt». Den ventar folk seg, og den MÅ berre med, seier ho – i alle fall når det er Didrik som syng han. For eigen del kjenner ho seg trygg på at «Det hev ei rose sprung» er ei av dei umistelige julesalmane som kjem til å bli med på konserten.

Gler seg til Sykkylven

Både for Ole Edvard Antonsen og Didrik Solli-Tangen blir det første gong dei opptrer i Sykkylven. Når Stine no har klart å få dei til å ta turen innom heimbygda hennar – attpåtil på det som eigentleg skulle vere fridagen deira – håper ho bygdefolket møter opp og tek vel imot dei:

– Ole Edvard og Didrik gler seg veldig til å kome til Sykkylven, som eg har snakka så mykle om. Sjølv om vi ikkje får så mykle som på oss, ser eg fram til å vise dei litt om Sunnmøre. Håper berre det er klårvær når vi flyg over Sunnmørsalpane – det er så vakkert å sjå ...

Heimekjær

Juleturneen og førebuingane til den tek det meste av hausten for Stine, men litt anna vert det no tida til. Mellom anna har ho starta på eit vokalkurs for å bli ein endå betre songar, og innimellom spelar ho inn ein ny låt. Den siste singelen hennar heiter «Der eg høyrer til» og handlar om å kome heim:

– Eg er jo meir heimekjær enn dei fleste og er utruleg stolt av å vere frå Sykkylven. I Oslo er det eit ustabilt liv, og eg kjenner heile tida på presset om å prestere. Slikt press finst ikkje heime i Sykkylven; der får eg kjærleik og der finn eg ro, seier Stine Hole Ulla.

Av Kenneth Kamp



Ole Edvard Antonsen har med seg Didrik Solli-Tangen og Stine Hole Ulla på årets førjulsturné. (Pressefoto)



Trioen øver i studio. (Pressefoto)



Mange av konsertane vert holdne i kyrkjer. (Pressefoto)

REKER
80/100 5 kg 40/60 5 kg
460,- **1100,-**

3 KG KVEITE
599,-

Din leverandør av fisk og skalldyr i Ålesund.
LONGVAFISK
Åpningstider: man-fre: 08-16 lørdag: stengt

Gangstøvkvegen 132
(ved den gule kranen)
6008 Ålesund
Tlf: 70 10 34 40
www.longvafisk.no

SUPERPRIS

GULLESKEN FRA ANTHON BERG
- FOLKETS FAVORITT TIL KJEMPEPRIS!

Perfekt julegave eller forjulspresang til ansatte, kollegaer, naboen, onkel, bestemor ... Hvem som helst!

kun 169,-

NorEngros

Ødegård Engros AS
Lerstadveien 291,
6014 Ålesund
www.norengros.no

Tlf: 70 10 92 20 /
Faks: 70 10 92 21
Hverdag: 7.30-18
(10-15)

Butikk tilbud



Vi gjør hverdagen enklere og vi tar vare på hjertet i din drift

- Vi tilbyr personlig service, trygghet, tillit, effektivitet, rask responsid, oppdatert kompetanse og konkurransedyktige priser
- Vi tilbyr alt av sky-tjenester
- Vi er din diskusjonspartner og rådgiver

Ålesund Data AS,
Kongens gate 20, Ålesund
Tlf. 70 11 42 00
www.aledata.no
www.aledatacloud.no